

## Ein mill. kr. til planlegging av Hamnsund- sambandet

Fylkestinget løyvde 1 million kroner i planleggingsmidlar til Hamnsundsambandet. Fylkestinget løyvde på same tid 500.000 kroner i planleggingsmidlar til Møreaksen og Borgundfjordtunnelen, ein million til HaFast, Snarveien på Smøla, Storfjordsambandet og Rovdefjordsbrua.

– Hamnsundsambandet er ein heilt naturleg vidareføring av Nordøyvegen. Viss ikkje blir køyretida slik at det ekskluderar Ålesund som arbeidsmarkad for Nordøyane når hurtigbåten sluttar å gå, meiner Torleiv Rogne (Uavh.).